



Lindås kommune  
Arne Helgesen  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2994 - 18/32539

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
26.10.2018

## Løyve til etablering av mellombels spillvassleidning - gbnr 188/116 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 584/18

**Tiltakshavar:** Region Nordhordland Helsehuset  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om utlegging av mellombels spillvassleidning på eigedom gbnr. 188/116. Tiltaket er ledd i etablering av avkøyrslene/ nedkøyring til garasje for det planlagde Helsehuset i Knarvik.

Det er i søknad gjort greie for følgjande:

*(...) Når helsehuset skal etableres på gbnr 188/323, vil det være nødvendig å etablere midlertidig trase for avløpsledning. Trase mellom pkt G og H må fjernast, for å kunne etablere nedkjørsel helsehus garasje, ny overvannskulvert mm.*

*Søker om å få etablere dn 160 spillvassleidning fra Pkt A til eksisterende avstikker pkt B. herifra går det gjennom ny 500 mm spillvassleidning i borehol, til utslepp Kvassneset. Anslår at midlertidig trase blir liggende i to år.*

- Grave opp og koble til eks spillvassleidning i pkt A. Legge ny spillvassleidning i terreng ned til, og under gangveg nede ved kvassnesstemma. Denne ledningen vil vi dekke til, slik at den, når terreng har grodd til ikkje vil vera synlig.*
- Resten av strekket fram til eksisterende påkobling i pkt B, blir lagt som nedsenka synkeleding i kvassnesstemma.*
- Opprinnelig plan var å legge midlertidig trase for spillvann i terreng, ca samme trase som kabel etater, vi ser imidlertid at dette kan bli veldig utfordrende når utbygger av helsehus skal etablere dei store kulvert ledningene for overvatn. Ref tekning H-102*

*Kabel etater har også behov for å opprette midlertidig trase i dette området, fra nytt koblings hus/ mast ved pkt C via pkt D,B,E F og fram til koblingsboks ca v. Pkt G. (...)*



Det vert elles vist til søknad mottteken 01.10.18.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.10.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 22.10.18.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Knarvik sentrum Områdeplan/planid.: 1263-201002.

Tiltaket er mellombels jf. søknad og skal ikkje liggje lenger enn i inntil 2 år. Planen har ikkje restriksjon på mellombels avløpstrase og tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det ikkje kravd nabovarsling.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.10.18.

På situasjonsplanen er den mellombelse traseen for avlaupsleidning synt med grøn line i frå pkt A til B.

### **Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket fører ikkje til auka endra bruk. Tiltaket er ledd i etablering av ny avkøyrse/nedkøyrse til garasje under det planlagde Helsehuset i Knarvik.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

### **Terrenghandsaming**

Det er i søknad gjort greie for at leidning på land vert lagt i grøft frå pkt. A og ned til Kvassnesstemma. I vatn vert det nytta synkeleidning. Leidning på land vil ikkje verte synleg når terreng har grodd til.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Trase for ny mellombels avløpsleiding vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ein har vurdert at tiltaket ikkje vil vere til sjenanse for fuglebestand i Kvassnesstemma så framt arbeidet vert utført utanom hekkesesong.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav c vert det gjeve løyve til etablering av mellombels avløpsleiding på eigedom gbnr. 188/116, leidning kan verte liggjande i inntil 2 år. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.10.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Leidning skal vere fjerna og området rydda innan 2 år frå vedtaksdato.**
- 3. Etablering og fjerining av leidning kan ikkje gjennomførast i hekkesesong for fuglebestand i Kvassnesstemma.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2994.**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ